UNIVERSITETET I BERGEN
*Det juridiske fakultet*

**Styre:** Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
**Styresak:** 91/25
**Møtedato:** 09.12.2023
**Journalnummer:** 2025/61

## Handlingsplanar 2026 – 2027

Strategiplanen for Det juridiske fakultet 2023-2030, *Rettsvitskap for ei ny tid*, blei vedteken i fakultetsstyret 13. juni 2023. Det blei samstundes bestemt at strategien skulle følgjast opp med to handlingsplanar for perioden 2024-2025, éin for forsking og éin for utdanning (sak 59/23). Fakultetet ville minimere talet på handlingsplanar for ei realistisk og stegvis gjennomføring av strategien. Dei overordna prioriteringane i strategien – internasjonalisering, rekruttering, mangfald og likestilling og formidling – er integrert i dei to handlingsplanane.

Også i perioden 2026-2027 blir strategien følgd opp av to handlingsplanar: Handlingsplan for forsking 2026-2027 (godkjend i FU-møte 18. november) og Handlingsplan for utdanning 2026-2027 (godkjend i SU-møte 19. november). Handlingsplanane er utarbeidde av Forskingsutvalet og Studieutvalet og er ei oppdatering og vidareutvikling av dei førre handlingsplanane.

Forskingsutvalet og Studieutvalet vil ha det overordna ansvaret for å gjennomføre og evaluere tiltaka i handlingsplanane, og på bakgrunn av dette utforme handlingsplanar for neste planperiode.

### Dekan og fakultetsdirektørs merknader

Dekan og fakultetsdirektør slutter seg til de fremlagte forslagene til handlingsplaner og fremmer følgende

### forslag til vedtak:

*Fakultetsstyret vedtek handlingsplan for forsking og handlingsplan for utdanning for perioden 2026-2027, med dei eventuelle justeringane og tillegga som møtet slutta seg til.*

| | |
|---|---|
| Sigrid Eskeland Schütz<br>dekan | Øystein L. Iversen<br>fakultetsdirektør |

25.11.2025
INMU

**Vedlegg**

1. Handlingsplan for forsking 2026-2027
2. Handlingsplan for utdanning 2026-2027

# Handlingsplan for forsking 2026-2027

## Overordna mål: Langsiktig og nyskapande forsking

Fakultetet skal i strategiperioden 2023-2030 styrke forskinga på grunnleggjande utfordringar i rettssystemet og tidsaktuelle problemstillingar i samfunnet. Forskinga skal vere orientert mot den internasjonale forskingsfronten, skje over tradisjonelle disiplingrenser i rettsvitskapen og i dialog med andre vitskapsdisiplinar og samfunnssektorar.

Handlingsplanen for forsking er eit verkemiddel for å nå fakultetet sine strategiske mål. Planen er forankra i fakultetet sin strategi for perioden 2023-2030 *Rettsvitskap i front,* vedteke av fakultetsstyret 13.06.2023 (styresak 59/23). Handlingsplanen for forsking bygger samstundes på og skal bidra til å realisere strategiar, tilrådingar og planar for UiB meir generelt, slik som *Strategi 2023-2030 Kunnskap som formar samfunnet* og *Styrk UiB*-rapporten frå 2025. Handlingsplanen skal vere retningsgivande for fakultetet sitt arbeid med å leggje til rette for høg kvalitet i forsking, forskingsformidling og rekruttering til vitskaplege stillingar i perioden 2026-2027.

## Korleis lese handlingsplanen

Delmåla og aktivitetane som er identifisert i handlingsplanen skal vere dei første stega mot å nå det overordna strategiske målet om å utvikle langsiktig og nyskapande rettsvitskap i den internasjonale forskingsfronten. Fakultetet vil ikkje utvikle eigne handlingsplanar for internasjonalisering, rekruttering, mangfald- og likestilling og formidling for perioden 2026-2027. Delmål og aktivitetar i handlingsplanen for forsking skal såleis også sikre strategisk framdrift på desse felta. Satsingsområda A-F i handlingsplanen reflekterer det samansette siktemålet:

A: Solide miljø for framifrå forsking
B: Målretta rekruttering
C: Sterk kopling mellom forsking og utdanning
D: Internasjonalt samarbeid og posisjonering
E: Mangfald i perspektiv og personale
F: Vitskapleg publisering og samfunnsdialog

## Handlingsplan for forsking 2026-2027

### *A: Solide miljø for framifrå forsking*

| **Delmål** | **Aktivitet** | **Ansvarleg** |
|---|---|---|
| Fakultetet skal skaffe oversikt, analysere og styrke rammevilkåra for framifrå rettsvitskapleg forsking | Styrke merksemda om framifrå rettsvitskapleg forsking<br><br>Styrke rammevilkåra for rettsvitskapleg forsking, og ha nær dialog med andre sentrale rettsvitskaplege institusjonar i Noreg om desse rammevilkåra<br><br>Styrke innsikt i og forståing av rammeverket for rettsvitskapleg forsking internt ved institusjonen | Dekan / Prodekan for forsking<br><br>Dekan / Prodekan for forsking<br><br>Prodekan for forsking |

| | | |
|---|---|---|
| Fakultetet skal vidareutvikle dei faglege tyngdepunkta i strategien og utvikle nye framtidige tyngdepunkt | Styrke den forskingsadministrative støtta til etablering, organisering og vidareutvikling av sterke fagmiljø<br><br>Legge til rette for forskingssamarbeid med fagmiljø nasjonalt og internasjonalt<br><br>Nytte eksternfinansiering strategisk for å styrke både etablerte og nye faglege tyngdepunkt<br><br>Samarbeide med klyngene og dei strategiske satsingsområda ved UiB | Prodekan for forsking / forskingsadministrasjonen<br><br>Prodekan for forsking<br><br>Prodekan for forsking<br><br>Prodekan for forsking |
| Fakultetet skal utarbeide strukturar og praksisar for forskargrupper, senter, prosjekt og andre større fagkonstellasjonar | Evaluere og utvikle forskargruppestrukturen og tilhøyrande ordningar<br><br>Utvikle strukturar for å implementere ERC-prosjekt og andre større prosjekt ved fakultetet og sikre god samanheng med andre forskingseiningar, særleg forskargruppene<br><br>Arbeide vidare med å integrere senter-einingar i fakultetet | Prodekan for forsking / Visedekan for organisasjon og innovasjon<br><br>Prodekan for forsking / forskingsadministrasjonen<br><br>Prodekan for forsking / Visedekan for organisasjon og innovasjon |
| Fakultetet skal understøtte sårbare rettsvitskaplege miljø | Identifisere sårbare fagmiljø og arbeide for eksternfinansiering og rekruttering til dei<br><br>Vektlegge juridiske grunnproblem og -forsking i nye satsingar og søknader for å styrke fagkvalitet og undervisingsbehov | Prodekan for forsking / forskingsadministrasjonen<br><br>Prodekan for forsking / forskingsadministrasjonen |
| Fakultetet skal legge til rette for auka kompetanse i forskings- og prosjektleiing blant dei tilsette | Utarbeide opplegg for opplæring i prosjektleiing med bruk av lokale og sentrale ressursar<br><br>Utvikle og styrke rolla som forskingsleiar ved fakultetet | Prodekan for forsking / forskingsadministrasjonen<br><br>Prodekan for forsking/senterleiarar / prosjektleiarar / forskargruppeleiarar |
| Fakultetet skal styrke kvaliteten og tilslag på søknadar om eksternfinansiering | Arbeide strategisk for å sikre det rettsvitskaplege perspektivet i rammeprogram, porteføljar og utlysingar<br><br>Tilby faglege aktivitetar og samlingar som understøttar arbeidet med søknader og gjennomføring av eksternfinansierte prosjekt<br><br>Utvikle og auke kompetanse på karriereutvikling, søknadsskriving og CV-bygging<br><br>Vidareutvikle kompetansen i BOA-teamet med tanke på søknadsutvikling og -støtte | Dekan / Prodekan for forsking<br><br>Prodekan for forsking/ forskingsadministrasjonen<br><br>Forskingsadministrasjonen<br><br>Direktør |

| | | |
|---|---|---|
| | Styrke forskargruppene si rolle og engasjement i ideutviklingsprosessen som grunnlag for søknadsskriving<br><br>Styrke undervisningsrelevans i prosjektsøknadar | Prodekan for forsking / forskargruppeleiarane<br><br>Prodekan for forsking / Visedekan for utdanning |
| Fakultetet skal sikre høg internasjonal kvalitet på forskarutdanninga | Styrke innslag av og undervising knytt til rettsvitskapens vitskapsteori og metodiske alternativ i opplæringsdelen av forskarutdanninga<br><br>Samarbeide med institusjonar nasjonalt og i Norden om kvalitetsutvikling i ph.d.-utdanninga<br><br>Vidareutvikle praksisen med internseminar og andre rettleiaraktivitetar for å sikre høg kvalitet i rettleiing av ph.d.-kandidatar | Prodekan for forsking<br><br>Prodekan for forsking<br><br>Prodekan for forsking / Visedekan for organisasjon og innovasjon |
| Fakultetet skal auke forståinga for rettsvitskapens sentrale rolle for innovasjon | Synleggjere juridisk innovasjon og rettsvitskapens samfunnsbidrag<br><br>Styrke forskinga på og miljøa orientert mot dei regulatoriske utfordringane og moglegheitene knytt til utvikling og bruk av KI<br><br>Styrke samarbeidet mellom aktuelle forskingsmiljø og studentorganisasjonen Innorett | Visedekan for organisasjon og innovasjon<br><br>Prodekan for forsking<br><br>Visedekan for organisasjon og innovasjon |
| Fakultetet skal sikre samanhengande tid til forsking | Ta opp tid til forsking og bruk av forskingstermin i medarbeidarsamtalane<br><br>Styrke opplæringa av og bruken av vitskaplege assistentar i forskingsaktivitetar<br><br>Iverksette ordninga for og utvikle bruken av karriereplanar | Dekan<br><br>Forskingsadministrasjonen / forskargruppeleiarane<br><br>Visedekan for organisasjon og innovasjon / Visedekan for utdanning |

## *B: Målretta rekruttering*

| **Delmål** | **Aktivitet** | **Ansvarleg** |
|---|---|---|
| Fakultetet skal sørge for effektive tilsettingsprosessar og eit transparent system for opprykk i vitskaplege stillingar | Forbetre og effektivisere rutinar for tilsetting i ph.d.- og postdoktorstillingar<br><br>Oppdatere og synleggjere kriteria for vitskaplege karrierar innan rettsvitskap | Visedekan for organisasjon og innovasjon / Direktør<br><br>Dekan |
| Fakultetet skal vidareutvikle forskarlinjeprogrammet | Arbeide vidare med marknadsføring av forskarlinja<br><br>Sikre at dei best egna og mest relevante kandidatane blir del forskarlinja | Dekanatet / studieseksjonen<br><br>Prodekan for forsking / forskarlinjeansvarleg |

| | | |
|---|---|---|
| Fakultetet skal legge til rette for utvikling av kompetanseprofilen til dei midlertidig tilsette | Sikre karriererettleiingsfokus i medarbeidarsamtalar og i rettleiinga<br><br>Etablere ordninga med karriereplan for ph.d.-kandidatar og revidere ordninga for postdoktorane<br><br>Syte for at dei sentrale kompetansehevingstiltaka ved UiB er relevante for fakultetets tilsette og vurdere behovet for eigne tiltak på fakultetet | Visedekan for organisasjon og innovasjon / Prodekan for forsking / rettleiarar<br><br>Visedekan for organisasjon og innovasjon<br><br>Forskingsadministrasjonen |
| Fakultetet skal legge til rette for god integrering av midlertidig vitskapleg tilsette i fagmiljøa | Vidareutvikle rutinane for mottak av nye vitskapelege medarbeidarar<br><br>Vidareføre ordninga med «fadder» for ph.d.-kandidatar i oppstartsfasen<br><br>Styrke forskargruppene som sentral arena for fagleg og sosial integrasjon. | Visedekan for organisasjon og innovasjon<br><br>Ph.d.-koordinator<br><br>Forskargruppeleiarar |

## *C: Kopling mellom forsking og utdanning*

| **Delmål** | **Aktivitet** | **Ansvarleg** |
|---|---|---|
| Fakultetet skal legge til rette for betre innlemming av studentane i forskarfellesskapen og gje dei innsikt i vitskapleg arbeidsmåte og i forskarkvardagen | Synleggjere forskinga ved fakultetet og moglegheitene for ein forskarkarriere tidleg i studiet<br><br>Styrke integreringa av forskarlinjestudentar i forskargruppene | Prodekan for forsking Forskargruppeleiarar / forskarlinjeleiar<br><br>Prodekan for forsking Forskarlinjeleiarane / Forskargruppeleiarane |
| Fakultetet skal fremje forskingsetikk og fagleg integritet | Integrere undervisningsopplegget som er utforma innan forskingsetikk i masteroppgåveemna og i ph.d.-utdanninga<br><br>Etablere forståing for og diskusjon rundt bruk av KI i rettsvitskapleg forsking, både med tanke på potensialet og forskingsetiske utfordringar<br><br>Arrangere seminar og treffpunkt for å informere/diskutere om aktuelle forskingsetiske utfordringar knytt mellom anna til KI.<br><br>Styrke kompetansen omkring forskingsetiske spørsmål i forskingsprosjekt og søknadar | Prodekan for forsking / Visedekan for utdanning /<br><br>Prodekan for forskning<br><br>Redelighetsutvalget<br><br>Prodekan for forsking / Redelighetsutvalget |

*D: Internasjonalt samarbeid og posisjonering*

| Delmål | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Fakultetet skal styrkast som internasjonal arena | Aktivt utvikle og bruke nettverk for å legge til rette for forskingsopphald i utlandet for ph.d.-kandidatar og postdoktorar<br><br>Auke deltaking på internasjonale konferansar med presentasjon, særleg for forskarar i tidleg karrieren<br><br>Strategisk vurdere bruk av internasjonale forskarar i II-stilling<br><br>Forbetre rutinane for kommunikasjon til vitskapleg tilsette utan eit skandinavisk språk som morsmål<br><br>Forbetre informasjonen til internasjonale kandidatar og partnarar på fakultetets nettsider | Prodekan for forsking / forskargruppeleiarane<br><br>Prodekan for forsking / Visedekan for organisasjon og innovasjon<br><br>Visedekan for organisasjon og innovasjon<br><br>Prodekan for forsking<br><br>Forskingsadministrasjonen |

*E: Mangfald i personale og perspektiv*

| Delmål | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Fakultetet skal følgje opp UiB sin handlingsplan for mangfald, inkludering og likestilling 2023 - 2025 | Planmessig arbeid for kjønnsbalanse og inkludering av grupper omfatta av diskrimineringslovverket innanfor personale generelt og forskingsleiing spesielt<br><br>Styrke arbeidet med mangfald i rettsvitskapeleg forsking | Visedekan for organisasjon og innovasjon<br><br>Prodekan for forsking |

*F: Vitskapleg publisering og samfunnsdialog*

| Delmål | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Fakultetet skal legge til rette for å auke vitskapleg publisering av høg kvalitet | Etablere ordning der forskargruppeleiarane med jamne mellomrom kartlegg og informerer om relevante internasjonale tidsskrift<br><br>Greie ut moglegheita for ein brei open tilgang og publiseringskanal frå fakultetet som blant anna kan skape større merksemd om vitskapleg arbeid av høg kvalitet<br><br>Utvikle kompetanse blant forskarane om bruk av KI til språkvask<br><br>Styrke den opne tilgangen til og marknadsføringa av ph.d.-avhandlingar frå fakultetet | Prodekan for forsking / forskargruppeleiarar<br><br>Prodekan for forsking<br><br>Prodekan for forsking / forskingsadministrasjonen<br><br>Prodekan for forsking / ph.d.-koordinator |

| | | |
|---|---|---|
| Fakultetet skal styrke dialogen med politiske og rettslege institusjonar og med allmenta | Utvikle den strategiske kommunikasjonen med vekt på korleis rettsvitskapen bidrar til samfunnsutviklinga | Prodekan for forsking |

# Handlingsplan for utdanning 2026–2027

## Overordna mål: Utdanning for framtida

Fakultetet skal utdanne sjølvstendige og kritiske juristar. Fakultetet skal tilby eit studieprogram og ein studiekvardag som er kjenneteikna av problembasert og studentaktiv læring, forskingsbasert undervising samt god indre samanheng og progresjon mellom faga.

Handlingsplanen for utdanning er eit verkemiddel for å nå dei strategiske måla til fakultetet. Planen er forankra i fakultetet sin strategi for perioden 2023–2030 «Rettsvitskap i front» som vart vedtatt av fakultetsstyret den 13.06.2023 (styresak 59/23). Handlingsplanen for utdanning bygger samstundes på og skal bidra til å realisere strategiar, tilrådingar og planar for UiB meir generelt, slik som *Strategi 2023-2030 Kunnskap som formar samfunnet* og handlingsplanen *Et helhetlig læringsmiljø* (2023-2029). Handlingsplanen skal vere retningsgivande for fakultetet sitt arbeid for kvalitet i utdanninga i perioden 2026–2027. Våren 2026 er både studieordninga av 2021 og endringane på 1. studieår som ble gjort for 2025/2026 innfasa. I tillegg førar NOKUT tilsyn med utdanningskvaliteten i utdanningar innanfor rettsvitskap i perioden 2026-2028. Dette er faktorar som spiller inn på planen for utdanning dei neste par åra.

## Korleis lese handlingsplanen

Delmåla og aktivitetane som er identifiserte i handlingsplanen skal bidra til å nå det overordna strategiske målet om å utvikle ei utdanning for framtida. Fakultetet vil ikkje utvikle eigne handlingsplanar for internasjonalisering, rekruttering, mangfald- og likestilling og formidling for perioden 2026-2027. Delmål og aktivitetar i handlingsplanen for utdanning skal slik også sikre strategisk framdrift på desse felta. Satsingsområda A-G i handlingsplanen reflekterer det samansette siktemålet:

A: Eit studium med fokus på problembasert og studentaktiv læring
B: Eit studium med klar indre samanheng og progresjon
C: Sterk kopling mellom forsking og utdanning
D: Dragefjellet skal vere ein levande campus
E: Eit studium med høg grad av arbeidsrelevans og samarbeid med arbeidslivet
F: Eit inkluderande jusstudium
G: Studiet skal ha ein klar internasjonal dimensjon

## Handlingsplan for utdanning 2023-2030

### *A: Eit studium med fokus på problembasert og studentaktiv læring*

| Delmål | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Fakultetet skal fortsette kvalitetsutviklinga av «Bergens-modellen» | Tilby gode lærings- og vurderingsformer | Studiedekan/ Studieutvalet/emneansvarlege |

| | | |
|---|---|---|
| | Vidareføre det gode arbeidet i regi av «Bedre læring, bedre juristar» med studentaktiv undervising over i driftsfase. Fortsette å søke eksternfinansiering til vidareutvikling av vår studieordning<br><br>Fortsette å vidareutvikle rolla til arbeidsgruppeleiarane i undervisingsopplegget, særleg med tanke på ny studieordning | Studieutvalet/studieseksjonen<br><br>Studieseksjonen/emneansvarlege på 1. og 2. studieår/emneansvarleg JUS 329 |
| Studiet skal vere bygd på forskingsbaserte pedagogiske verkemiddel | Etablere ei forventning om at alle som underviser ved fakultetet brukar tid på å setje seg inn i korleis studentane oppnår læring ved ulike typar undervising og prøving<br><br>Vidareføre ordning der Studieutvalet kan løyve undervisingstimar til emneansvarlege som ønskjer å setje i gang større prosjekt/endringar<br><br>Jobbe for å få fleire meritterte undervisarar ved fakultetet<br><br>Leggje til rette for at førsteamanuensisar som jobbar mot opprykk til professor kan oppfylle dei pedagogiske krava som gjeld for dette<br><br>Styrke undervisningskompetansen til ph.d.-kandidatane ved å vidareutvikle pedagogikk-kurset for midlertidige tilsette<br><br>Vidareutvikle pedagogisk fagfellesskap ved fakultetet | Dekan/studiedekan<br><br>Studieutvalet<br><br>Studieseksjonen/studiedekan<br><br>Dekanatet<br><br>Dekanatet<br><br>Dekanatet/studieseksjonen |
| Fakultetet skal styrke kompetansen til undervisarar og studentar i bruk av kunstig intelligens i undervising og prøving | Auke kunnskapen om bruk av kunstig intelligens i juridisk arbeid<br><br>Vidareutvikle retningslinjene for studentar, og fortsette arbeidet med å formidle god bruk til studentane | Dekanatet/emneansvarlege<br><br>Studiedekan |

## *B: Eit studium med klar indre samanheng og progresjon*

| Delmål | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Studieprogrammet skal innrettast med fokus på | Fortsette å ha lærarmøter | Studiedekan/studieseksjonen/ emneansvarlege |

| | | |
|---|---|---|
| metodiske og faglege samanhengar mellom dei ulike faga | Dei eksterne fagfellane sine innspel til kontinuitet og progresjon i studiet skal følgjast opp<br><br>Studiet skal ha ei aktuell og relevant fagsamansetjing | Eksterne fagfellar/studieutvalet<br><br>Studiedekan/Studieutvalet/emne ansvarlege |
| Sjå på korleis ulike typar undervisingsaktivitetar blir honorerte i undervisingsrekneskapen | Vurdere om nokre av faktorane må gjerast om på for betre å passe i dagens studieordning | Studiedekan/studieutvalet/emne ansvarlege |

### *C: Eit forskingsbasert studietilbod*

| Delmål | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Studiet skal inspirere studentane til å velje forskarkarriere og bidra til god rekruttering av sterke kandidatar til ph.d.-programmet ved fakultetet | Fakultetet skal frå tidleg på studietsynleggjere moglegheitene for ei karriere innan forsking på fakultetet<br><br>Fortsette å informere om forskarlinja<br><br>Identifisere og implementere tiltak for å sikre langsiktig rekruttering til forskarlinja | Dekanatet/emneansvarlege<br><br>Studieseksjonen/emneansvarlege<br>Dekanatet |
| Synleggjere forskingsperspektivet i det enkelte emnet | Prioritere plass i undervisinga for nyare forsking på feltet<br><br>Bruke den nye ordninga for prøveførelesningar for å integrere tema frå førelesingane i undervisinga og oppfordre studentane til prøveførelesingar<br><br>Oppfordre emneansvarlege på alle studieår til å inkludere forskingsartiklar i kjernelitteraturen | Emneansvarlege/studieutvalet<br><br>Studiedekan/ forskingsdekan/emneansvarlege<br><br>Studiedekan/studieutvalet |

### *D: Dragefjellet skal vere ein levande campus*

| Delmål | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Auka nærvær på campus for både studentar og tilsette for å skape eit aktivt læringsmiljø | Fortsette å utvikle eit undervisingsopplegg på fjerde og femte studieår som legg til rette for studentaktiv læring og der nærværet på campus styrkjer studiemiljøet<br><br>Etablere møteplassar for studentar på femte studieår, og oppretthalde lesesalsplassar for dei som skriv masteroppgåve | Studiedekan/emneansvarlege /studieseksjonen<br><br>Studieseksjonen |

| | | |
|---|---|---|
| Studentane ved fakultetet skal oppleve å ha eit godt og trygt læringsmiljø | Fortsette å bruke arbeidsgruppeleiarane aktivt som ressurs for godt psykososialt læringsmiljø.<br><br>Fortsette møte kvar veke med JSU om status og aktuelle tiltak | Studieseksjonen/studiedekan<br><br><br>Studiedekan |

## *E: Eit studietilbod med høg grad av arbeidsrelevans og samarbeid med næringslivet*

| Delmål | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Arbeide for at fleire emne implementerer praksisnære element | Emneansvarleg skal gjennomgå undervisingsopplegget med fokus på om det kan integrerast fleire praksisnære element<br><br>Fakultetet legg til rette for at studentar er til stades ved ei eller fleire rettssaker i løpet av studiet | Studieutvalet/studiedekan//emneansvarlege<br><br><br>Studiedekan/studieseksjonen/emneansvarlege |
| Auke talet på praksisplassar i samband med masteroppgåve (eksterne skriveplassar) | Auke samarbeidet med aktørar i vestlandsregionen og informere studentar og arbeidslivet om fordelar med praksisplass | Dekanatet /studieseksjonen |
| Karrierefremjande arrangement ved fakultetet skal vere inkluderande | Samarbeide med studentorganisasjonane ved fakultetet om mangfald ved karrierefremjande arrangement | Dekanatet/studieseksjonen |
| Føre vidare av arbeidslivspanel ved fakultetet | Halde årlege møter og løpande hente inn innspel frå panelet der det er aktuelt | Dekan/studiedekan/studieseksjonen |
| Fakultetet skal tilby forskingsbasert etter- og vidareutdanning etterspurd av arbeidslivet | Vidareutvikle dei to executive-masterprogramma som fakultetet koordinerer<br><br>Bidra inn i erfaringsbasert master i offentleg forvaltning<br><br>Vurdere om nokre av våre emne skal gjerast om til reine vidareutdanningsemne eller hybridemne | Dekanatet/studieseksjonen |

## *F: Eit inkluderande jusstudium*

| Delmål | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Fakultetet vil jobbe for å vere ein inkluderande og mangfaldig studiestad | Fortsette å samarbeide med arbeidsgruppeleiarane om følgje opp studentane dei to første studieåra<br><br>Fortsette å ha god dialog med studentorganisasjonar ved fakultetet og JSU om inkludering og mangfald | Studieseksjonen/studiedekan/emneansvarleg JUS329<br><br><br>Dekanatet/studieseksjonen |

| | | |
|---|---|---|
| Aukt mangfald | Fakultetet skal vurdere tiltak for å sikre ei breiare studentsamansetjing. | Dekanatet/studieseksjonen |
| Legge til rette for at alle nye studentar får ein god start og ei god velkomstveke | Evaluere noverande opplegg og setje inn tiltak som kan føre til forbetringar | Studiedekan/studieseksjonen |
| Jobbe for eit godt samarbeid mellom fakultet og studentmiljøet | Fortsette å sende ut fredagshelsing frå dekanatet<br><br>Fortsette samarbeid med studentorganisasjonar ved fakultetet og JSU | Dekanatet/studieseksjonen<br><br>Dekanatet/studieseksjonen |
| Fakultetet skal vere ein attraktiv og inkluderande utvekslingsdestinasjon | Evaluere noverande velkomstopplegg og setje inn tiltak som kan føre til forbetringar | Dekan/studieseksjonen |

## *G: Studiet skal ha ein klar internasjonal dimensjon*

| Delmål | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Fakultetet skal sikre at studentane får høve til å studere ved gode institusjonar i utlandet | Fortsette utvikling av utvekslingsporteføljа | Dekan/studieseksjonen |
| Syte for at studentar som ikkje reiser på utveksling får internasjonale perspektiv som ein del av studieprogrammet | Bruke internasjonale studentar som ein ressurs for «internasjonalisering heime» på engelskspråklege val- og spesialemne, under dette leggje til rette for samarbeid og dialog mellom studentane i undervisingssituasjonen<br><br>Oppfordre emneansvarlege på alle studieår til å inkludere engelskspråkleg litteratur i kjernelitteraturen i alle emne | Emneansvarlege for engelske val- og spesialemne<br><br>Emneansvarlege/ studiedekan |